



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 2

Mars 2022

73. årgang

INNHALD

Min salme	2
Andakt	3
Ein drope vatn.....	4 - 5
Ei musikalsk reise.....	5

Gamle og nye klokker.....	6 - 7
Barnas side	9
Kunngjeringar.....	10
Gudstenester	11
Påskedrikk	12



GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje:

Anne Gerd Jorde (til 1. juni)
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Kjellfred Dekko

 (frå 1. mai)

Dir.tlf. 32 02 91 35
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprest:

Arnstein Bleiktvedt • Fri måndager
Mobil: 958 28 706
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakonarbeider:

Sissel Rudningen (70%, til 1. juni)
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
sissel.rudningen@gol.kommune.no
(tysdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)

Gerd Eli Berge

 (30%, til 1. juni)

Mobil: 415 08 155
gerd.eli.berge@gol.kommune.no

Martha Frøyland Bleiktvedt

 (frå 1. juni)

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist:

Justin Vickery
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Sekretær for Gol og Hemsedal:

Thorunn Haugo Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Fri fredagar.

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor

 - Hemsedal kommunehus

Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00
Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjeverje:

Kjetil Th. Storebråten
Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no
Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:

Camilla Osnes
Mob: 977 15 677 • Fri måndager
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:

Peter Rødel
Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:

Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:

Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:

Gunn Astrid Frøysok

Leiar Gol og Herad
Tlf. 990 34 376

**Ynskjer du å gje
ei gåve til kyrkja:**

Irene Markegård Hemsedal: 2367.20.49482
Leiar Hemsedal Gol: 2324.20.01354
Tlf. 482 02 020 Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Redaksjon: Ludvig Munkejord (red.), Sølvi L. Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen, Hilde M. Hillestad.

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

E-post: ludv@online.no

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal, 2367.60.00097

MIN SALME

NINA STENSGÅRD



Nina Stensgård er rotekte goling, busett på Tuppeskogen. Ho arbeider som dagleg leiar i Vesterhuset barnehage, der dei mellom anna er opptekne av å lære barna om tradisjonar og dialekt.

Som sin salme har ho valt "Å leva, det er å elska", nummer 698 i Norsk Salmebok.

- Det er ein salme med ein bodskap eg kan kjenne meg att i, seier ho. Eg tenkjer den handlar om å vise omtanke og kjærleik. At ein må leva livet på best mogeleg måte og verdsette det ein har.

FORSIDEFOTO: **BRITT MARIE HARALDSET**

Frå 4-årsamling i Gol kyrkje. Magnus Hoftun og Oliver With-Bjerkerud som prøver kyrkjeorgelet.

TEKST: **KJELL SLÅTTEN** FOTO: **PRIVAT**

- Innhaldet i salmen minnar meg mykje om bestefar. Han levde livet slik han ville det, han var ein humoristisk livsnytar og tok ikkje seg sjølv så høgtideleg. No prøver eg å ta med meg noko av dette i mitt levesett, sjølv om det ofte er lett å vera konsekvensorientert. "Å leva, det er å elska" fortel mykje om det å leva eit godt liv.

Nina sender salmestafetten vidare til Ivar Haugstad.

Å leva, det er å elska

Tekst: Anders Vassbotn 1893
Melodi: Per Steenberg 1923

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå;
Å leva, det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.

Kyrkjebladet ønsker alle sine
lesarar ei riktig god påske!



SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

Når ein les skildringane i Det nye testamente av oppstoda, er det påfallande kor vanskeleg det var for Jesu læresveinar å tru det dei fekk sjå og høyre påskemorgon. Eller kanskje er det ikkje så rart? Det er vel strengt tatt ikkje så mykje lettare for meg å tru på oppstoda? Døden og dødskreftene, derimot, er påtakeleg nærverande og har mange vitne.

Maria Magdalena og dei andre som kom til den tomme grava påskemorgon var akkurat like hjelpelause som oss i møte med døden. Underet var ikkje noko dei framkalla med trua eller vona si. Det var Guds kraft som gjorde det, ikkje deira eiga. Rett nok kan menneske si tru utrette mykje, men ikkje dette. Det var ikkje trua

eller vona som dreiv Maria ut medan det enno var mørkt, berre kjærleiken til ein som var død. Den morgonen vart det fødd ei levande tru på ein levande Herre.

Oppstodetrua var ikkje ei tru som vaks fram i kyrkja. Det var ei kyrkje som grodde fram omkring trua, og sjølv den føresetnaden som trua var grunnlagt på. Kyrkja gror ikkje fram av det sannsynlege. Ho gror fram av han som sa: «Eg er oppstoda og livet.» (Joh 11,25)

Det var heller ikkje krafta i overtyinga åt medlemene som var avgjerande. Oppstoda er ikkje avhengig av oss sjølv. Derfor finst det også ei levande von som ikkje er avhengig av oss sjølv.

Denne vona vert halden levande ved at vi stadig held ryktet om Jesus levande. Derfor treng vi å kome saman for å høyre historia om han og gjere den levande, slik han sjølv oppmodar oss med orda frå innstiftinga av nattverden: «Gjer dette til minne om meg.»

Etter to år med pandemi – og attpåtil påskestengde kyrkjer – vonar eg at kyrkja kan bringe oss saman igjen til påskefeiring, gudsteneste, bøn og kulturopplevingar. For at trua, vona og kjærleiken kan få ny næring og kraft.

Lat oss vitne om vona med føtene våre, når vi går til kyrkja og oppsøker fellesskapet om den oppståtte og levande Jesus.

Panel samtale med Biskop Jan Otto Myrseth

Velkommen til panel samtale med biskopen!

Onsdag 6. april kl. 1900 i Hemsedal kyrkje!

Tema: "Hvor er Gud i alt det vonde som skjer"

Musikere: Joakim Hansen Solbakken,

Irene Markegård og Karin Teigen Bakke

Kvelden starter uformelt med litt kaffe fra kl 1900.

Offisiell start ca kl.1915. Musikkinnslag og samtale.

Vi gleder oss!



Velkommen til dugnad på kyrkjegarden

Herad 3. mai frå kl.12.00

Gol 10. mai frå kl.12.00

(stavkyrkjetomta)

Ta med reiskap. Kaffe og litt å bite i blir servert kl 18.00.

Vi treng di hjelp for å få fin kyrkjegard etter vinteren.

Alle er velkommen!

Helsing Gol og Herad sokneråd



Velkommen til dugnad på Hemsedal Gravplass (Kyrkjegarden)

Tysdag 10. mai - frå kl. 10.00

Ta med reiskap. Enkel dugurs frå kl. 12.00

Alle er velkommen!

Helsing Hemsedal sokneråd

EIN DROPE VATN

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan come seg ut av fattigdom og svolt.

Endeleg kan konfirmantane våre, og dei frivillige, gå frå dør til dør med bøsse. Det er 75 år sidan Kirkens Nødhjelp starta sitt arbeid og dei arrangerar Fasteaksjonen for 55. gong.

Medan me i landet vårt tek reint vatn som sjølv sagt, er det framleis 771 millionar menneske som manglar denne tilgangen. Årets aksjon har fokus på klimatilpassa jordbruk i Malawi, gjennom vatning av dryppsystem. Frå røyra gjev dropane liv og vekst, som på ny gjev inntekt og moglegheit til å forsørje seg sjølv og sine. Malawi er eit land med mange landsbyar utan straum og reint vatn. Ver med og gjer ein skilnad. Ver med og redd liv!

Konfirmantane i Gol og Herad kjem på dørene aksjonsdagen tysdag 5. april frå kl 17.00 og utover.

Konfirmantane i Hemsedal kjem på dørene aksjonsdagen mellom søndag 3. og tysdag 5.

Ta vel imot konfirmantane våre.

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

TEKST: ANETTE TORJUSEN FOTO: HÅVARD BJELLAND

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrere avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruks-teknologi, slepp å hente vatn i brønner og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er koplå til to slangar.

Tenner håp:
Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.



Slangane har små hol, slik at vatnet pipar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakakeren sin.

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.



Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakakeren sin.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarar han. Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiene deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønnsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjens Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjens Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.

VIPPS TIL 2426

ELLER GJE TIL KONTO 1594 22 87493

FASTEAKSJONEN TIL KIRKENS NØDHJELP 2022



KIRKENS NØDHJELP

actalliance

Påskemusikk - ei musikalsk reise

Kva som er påskemusikk trur eg er veldig forskjellig frå person til person. Det skjønte eg då Kyrkjebudet utfordra meg til å skrive om påskemusikk.

Amerikansk påverknad og norske perler

Påskan har eit sterkt budskap. Jesu liding og død er ei gripande og sann historie. For meg er songen *He's Alive* (Han lever) av amerikanske Don Francisco ein song som tek meg gjennom Getsemane og til Golgata. Songen fortel historia gjennom augo til Peter, han som forneakta Jesus tre gonger. Songen vart gjeve ut som ei singelplate i 1977 og vart straks veldig populær.

Hans Inge Fagervik gav i 1988 ut albumet *Mine første sanger*. Ein av songane heiter *Jeg vet et sted*. Første verset begynner slik:
Jeg vet et sted som for så mange er blitt inderlig kjær

*Stedet kalles Golgata, der har mange lært
At livets mening og verdi kan bare Jesus gi
De sier om du vil se meningen da må Jesus få ditt liv*

Nokon av påskesongane er blitt populærmusikk spelt på radio, og etter kvart også i kyrkjene våre. Bjørn Eidsvåg kom i 1992 med ein slik song: *Til alle tider*, som også var tittelen på plata.

Første verset begynner slik:
*Ei tåre renner fra ikonet
En mager mann med tornekrone
Grepet ser jeg ned
Min tro mitt håp min fred.*

TEKST: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

KILDE: WIKIPEDIA

KUNSTKORT: JORUNN ORSET

Klassisk frå Sør-Europa


Påskan min består også av klassisk musikk.

I 1970-åra brukte NRK musikkstykket *Daydream* i korte filmar om fjellvettreglane. *Daydream* er musikk frå *Svanesjøen* av Tsjajkovskij, arrangert av Franck Pourcel. Både musikken og filmmane vart godt kjende i Noreg. På skitur innover snøkledd vidder har denne melodien klart å fange påskestemminga på ein vakker og stemningsfull måte.

Italienske Antonio Vivaldi levde på slutten av 1600 talet. Han var komponist, fiolinist og katolsk prest, og er mest kjent for fiolinkonserten *Dei fire årstidene*. Der synest eg *Våren* er den som minner meg mest om påske, og samtidig gir både påske- og vårstemning.

Påskesong og påskesalme

Marcello Giombini er også italiensk, og opphavsmann til tekst og melodi på påskesongen *Dine hender er fulle av blomster*. Giombini skreiv masse filmmusikk, men var også aktivt med på å fornye kristen song og musikk i Italia på 1970-talet.



Teksten er omsett til norsk av Svein Ellingsen. Songen inngår i repertoaret til mange barnekor i påskan, og er mykje brukt i gudstenester (Norsk Salmebok nr. 206).

Og for meg er *Påskemorgen slukker sorgen* (Norsk salmebok nr. 184) sjølvskriven i kyrkja 1.påskedag. Grundtvig skreiv teksten i 1843 og Lindeman laga melodien i 1864.

Det som slår meg når eg høyrer på musikken som minner meg om påske er at han er svært variert. Men både amerikansk og norsk kristenpop, klassisk musikk, ein moderne italiensk salme og gode, gamle Grundtvig understrekar påskens budskap: Jesus lever!

God påske!



Hemsedal Kyrkje klokketårnet, gamle og nye klokker

I sommar fekk tårnet og våpenhuset i Hemsedal Kyrkje ein oppussing. Hemsedal Kommune innvilga 3,5mill kr i 2020 til forskjellige prosjekt for Hemsedal Fellesråd.

Det viktigaste var ein oppussing av klokketårnet, isolere og himle ned loftssrommet og skifte av ytterdør til kyrkja for å kunne spare energi. Det vart og midlar til generelt vedlikehald med måling og isolerte vindauge. Alt dette er nå gjennomført til under budsjett og fellesrådet er godt fornøgd.



Dei gamle klokkene frå 11-1200
Foto: Kjetil Storebråthen

Hemsedal kyrkje vart bygd i 1881-82, med ca. 400 plassar. Ho vart vigsla av biskop C.P.P. Essendrop den 7 juni 1882. Det er slik eit gammalt bygg som har stått i union med Sverige, og eit utal av prestar, gudstenester, gravferder, konfirmasjonar, bryllaup, fleire periodar med vekkelse – og nå og i vår generasjon som konsertlokale, i tillegg til alt det andre.



Dei nye klokkene frå 1990
Foto: Kjetil Storebråthen

Hemsedal kyrkje er mykje i bruk og det fører til slitasje, men hemsedølar generelt og kyrkjelyden og fellesråda i samarbeid med Hemsedal kommune har opp gjennom tida vore bevisst på vedlikehaldet av kyrkja vår.

Hemsedal kyrkje står no fram som eit godt bevart gudshus i landsamheng. Det gjer seg ikkje sjølv, men er eit kontinuerleg arbeid i alle generasjonar (140 år den 7 juni i år).

Kyrkja vart bygd som ei langkyrkje, slik som var vanleg på den tida. Grunnmuren er mura av Ola Kalhol med son frå Valdres. Byggmeister Sveinson frå Bergen sto for bygginga, snikkararbeidet av Torleiv og Johannes Grimsgård frå Nesbyen samt Hans Svarteberg frå Hemsedal. «Emissær» Haavie la på helletaket, ein vestlending og Elling Furuhaugo måla kyrkja som i si tid var den einaste kvitmåla bygninga i bygda. Elles var det ein del pliktarbeid for lokale hemsedølar. Til jul i 1903 fekk kyrkja orgel etter 21 år utan. Kyrkja har, i tillegg til vanleg vedlikehald, vorte restaurert i 1957 og 2007 men lite er gjort i tårnet før i fjor sommar.

Klokketårnet

Klokketårnet er altså skiferlagt av emissær Haavie i 1881. Det står like godt, skiferen på sjølve Kyrkja er skifta i 2007 men tårnet er like bra. Alle skiferheller ligg like støtt, og ein kan undre seg på korleis arbeidet vart gjort. Det er vel og usikkert om «emissæren» Haavie hadde mykje med misjon og gjera på den tida, men kanskje fleire fekk overtyding om «Vår Herre» når han sto på kyrkjespiret og la skifer utan å ramle ned, enn når han dreiv som emissær.

Dei originale klokkene i tårnet er frå den gamle Stavkyrkja som sto på Kyrkjebøen. Den vart diverre riven i 1882 når den nye kyrkja sto klar. Men det var jo andre tider då, og ein tenkte ikkje slik som i dag. Det står skrive «til og med store sterke menn fell ei tåre på den siste gudstenesta der 2-kvitsundag 1882». Det var førvrig 364 nattverdsgjester på avslutningsgudstenesta i «Skadvinar kyrkje».

Klokkene som var i den gamle Stavkyrkja hadde ein veldig god klang, dei er smidd på 11-1200 talet.

Hans Flaten (1858-1930) skriv:

Hemsedal som de fleste andre bygder har sine sagn om St. Olav. Han steg med ene foten paa Grøtenuten og med den anden paa Storehødn. Han hadde i fanget en stor sten, som han slap ned i Heimsil ved Ulsaaker. Stenen sprak sund i faldet, men ligger der endnu og kaldes Klokkarstenen. At den fik det navn, gik saa til, siges der: Kirkeklokkerne i Hemsedal saa vén klang, at man, syntes, de var alt for gode for en liten fjeldbygd. De skulde kjøres til Drammen. Som man kom isveien med dem til St. Olavsstenen, blev klokkerne med ét saa tunge, at hesten ikke kunde rikke dem av flekken. Man satte for en hest til, men det munte ikke. Man skjøjte aarsaken og snudde. Tilbake dro en to aars fole dem.

Då vart dei hengt opp i nye kyrkja likevel og var i bruk 108 år, etter ca. 700 år i «Skadvinar kyrkje»

Kyrkjetenar Trygve Venås når dei nye motoriserte klokkene vart hengt opp i 1990.
Foto: Privat



Men i 1990 innhenta den moderne teknikken tårnet her og. Då vart det montert nye klokker med motor som oftast er i bruk nå for tida, men klangen er ikkje den same.


Korleis klangen er i dei gamle klokkene nå etter spiret er isolert er i skrivande stund ikkje prøvd, men det må prøvast

og kyrkjetenaren må annonsere i kyrkjebladet når dei skal brukast. Den beste klangen er nok ute no når spiret er blitt isolert.

Klokkene må i alle fall brukast med jamne mellomrom, og for all del ikkje gløymast. Risikoen er at ei «årsgamal fole» greier å hente dei og den risikoen vil me ikkje ta.

4 karer målar spiret, ca 1940

Foto: Ingvar Grøthe f. 1907,
Hemsedal Bygdearkiv



bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

Med glede kan jeg endelig annonsere at det blir en festlig

Orgelkonsert - Hemsedal Kyrkje

Torsdag 28. april kl. 18.00

Etter 2 år med korona kan vi endelig feire at orgelet i Hemsedal kirke er restaurert. Konserten ble en del ganger planlagt, men på grunn av korona måtte den utsettes flere ganger. I skrivende stund er ikke solistene og programmet i boks, men jeg kan love at en del flinke lokale musikalske krefter stiller i konserten. Selvfølgelig skal orgelet ha fokus denne kvelden. Jeg håper at mange finner veien til Hemsedal kirke denne kvelden for å oppleve en flott stund med klassisk musikk med orgel som soloinstrument, men også som et utmerket instrument for å akkompagnere ulike solister.

Velkommen til en festlig orgelkonsert!

Tusen takk til alle som har aktivt bidratt! Gleder meg til å spille for dere!

- Peter Rødel / kantor i Hemsedal kirke



Konsert til støtte for Ukraina

Torsdag 7. april kl. 18.00-18.45 i Hemsedal kyrkje

Torsdag 7. april samles vi i kirka for å samle inn penger til Ukraina. Det blir et variert program med lokale musikere og sangere. Donasjon til Ukraina gis ved utgang etter konserten eller på **Vipps 2170**, som er fellesnummeret til hjelpeorganisasjonene.

**Lokale musikere bidrar.
Gratis inngang.**

Arrangør: Hemsedal Sokneråd i samarbeid med lokale aktører



BABYSANG OG SMÅBARNSTREFF

I Hemsedal - Sang, dans, leik og treff – for babyar og litt større småbarn

Vi har starta eit samarbeid med Familiens hus i Hemsedal, der vi samlar småbarnstreff og babysang i lokalene til Familiens hus, onsdagar kl 10.30 til ca 12.30.

Vi ønsker å skape ein stad der foreldre og barn kan møtast, for hygge og kos. Det blir ei veksling mellom babysang, med song, dans og leik nokon onsdagar, og småbarnstreff med tema frå helsestasjonen andre onsdagar. Det blir servert enkel lunsj.

10.30 – Velkommen 11.00 – Babysang eller tema
11.30 – Lunsj og leik 12.30 – Slutt

Datoar våren 2022

23. mars Babysang
30. mars Tema «søvn» ved Hilde
20. april Babysang
27. april Babysang
11. mai tema «Parforhold og små barn» ved Frøydis Dekko frå Familievernkontoret
18. mai Babysang
25. mai tema «Motorisk utvikling» med fysioterapeut Ragnhild Rauk
1. juni tema «Tannhelse» med tannpleier Mai Britt Ulviksbakken
15. juni tema «små barn og skjermtid» med Hilde

Følg med på [facebook](#)sida til Kyrkja i Hemsedal, og i [facebook](#)gruppa «Babysang Hemsedal»



ÅPENT HUS

Formiddagstreff på
Gol bedehus

Følgande torsdagar
kl. 11.00 - 13.30

31. mars: Andakt og Livet i Japan
v/Martha og Arnstein Bleiktvedt.

28. april: Andakt ved diakon
Hilde Kirkebøen. Song og kåseri
om bedehussongen v/Bodil Haug.

19. mai: Programmet er ikkje klart.

Helsing Diakonutvalget
for Gol og Herad

Formiddagstreff på
Kyrkjestugo, Hemsedal

Følgande tysdagar
kl. 11.00 - 13.30

Treffet er for alle som har lyst til å treffe andre på dagtid. Programmet er mynta på folk over 60 år, men alle som vil kan vera med. Det er sosialt over ein kaffikopp og ferske vaflar, og vi har ofte med ein gjest som pratar om eit gitt tema.

5. april: Andakt og Livet i Japan
v/Martha og Arnstein Bleiktvedt.

3. mai: Gjest: Annemor Bentzon
Tema: Minne frå Hemsedal under
krigen

7. juni: Gjest: Sissel Rudningen

Helsing Ope Hus-komiteen i
Hemsedal v/Liv Gjørde

*Velkomen til alle som har lyst til
å vera med! Vi legg til rette for
smittevern så godt vi kan.*

*Alle er hjarteleg velkomne,
men bli heime om du er sjuk!*


For meir informasjon, ring
diakonmedarbeidar
Sissel Rudningen - 476 27 663



DEN NORSKE KYRKJA

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølv sagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Finn fem feil!


Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen

Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...



KUNNGJERINGAR

Konfirmantar i Gol, Herad og Hemsedal kyrkje

Søndag 8. mai. kl. 11.00, Herad

Jørgen Brenno Grubben
Sander Møllerplass Skredderberget
Emil Elias Rue
Sander Holte Amundslie
Julie Hagen
Idar Håva Eiklid

Lørdag 14. mai - kl. 11.00, Gol

Felix Tøger Nore Aronsen
Erik Hjorth Jørgensen
Sigurd Andreas Sortebråten
Espen Krusedokken
Emil Haugstad Kjelvik
Andre Leikvold
Endre Aarset Smedstad
Sondre Haugstad
Eline Slaatto
Nikita Engene
Mari Skredderberget
Liv Anne Berget
Thea Haugo Trillhus

Søndag 15. mai - kl. 11.00, Gol

Sindre Wøllo
Sigurd Haugstad
Martin Mundal Skredegård
Gjermund Rust
Mats Krusedokken Jensen
Per-Kristian Nyborg Lid
Stian Eidsgaard
Wilhelm Bjørnsen Eidsgaard
Ida Korsdal Gjøystdal
Ellen Juvet Lien
Oda Jeanett Hagen
Nikita Dyrdal Skjerven
Sara Brenno

Laurdag 21. mai - kl. 11.00, Hemsedal

Nikolay Haug
Matilde Skare
Nora Oline Tuv
Lukas Embré
Mathias Bråten Ødegård
Mathilde Njøsén Snildal
Didrik Mythe Røren
Anna Stegan
Sarah Løkken

Søndag 22. mai - kl. 11.00, Hemsedal

Adrian Dedekam
Olav Berg
Embla Cecilie Müller
Martin Randar
Tea Møllerplass Mythe
Helene Astrid Hillestad Brennhovd
Saree Sunshine Wølneberg
Sondre Olsen

Telegraminnlevering:

Herad fre 6. mai kl. 18.30 – 19.30
Gol fre 13. mai kl. 17.30 – 18.30
Hemsedal (Kyrkjestugo)
Sun 22. mai kl. 10.00-11.00

Språkkafé På Gol Bibliotek

Torsdag 28. april og
Torsdag 2. juni. Kl. 17-19

Nå håper vi den største smitten har
roet seg og vi vil derfor ønske hjertelig
velkommen til språkkafé.

Dette er et gratis tilbud, åpent for alle,
men om du er sjuk må du være hjemme.

Ta gjerne med barna dine
-Velkommen!

Karin Bjørge tlf. 902 87 526
og Sissel Rudningen tlf. 476 27 663

DØYPTE

Gol kyrkje

06.02.22 Fay Strandos Lessner
06.02.22 Edvin Kleppo Lunde
06.03.22 Solveige Sjølie
20.03.22 Minda Lybekk Bjerke

Herad

27.02.22 Johannes Medgard-Bjerkerud

Hemsedal kyrkje

13.03.22 Ingebjørg Marie
Vesleslåtta Wøllo

DØDE

Kapellet Helsetunet:

01.12.21 Magnus N. Solheim f. 1937
30.01.22 Svein Sanne f. 1933

Gol kyrkje

06.02.22 Anita Rynesli f. 1969
07.02.22 Jorunn H. Ødegård f. 1936
15.02.22 Randi Slåtten f. 1935
17.02.22 Oddbjørn Viko f. 1933
18.02.22 John Phillip Cordwell f. 1953

Herad kyrkje

14.02.22 Knut Tøger Aronsen f. 1950
07.03.22 Tore Flaathen f. 1930
13.03.22 Heidi Arnestad f. 1967

Torsdagstreff

Flerkulturelt treff for kvinner og
barn på Helselagsstugu.

Torsdagene 21. april og 19. mai
kl. 18-20

Arrangør: Gol Helselag,
Røde Kors og kyrkja i Gol

v:pps

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

VELKOMEN TIL KYRKJE!

27. mars – Maria budskapsdag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Bleiktvedt.
Takkoffer: Kirkens SOS

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste for store og små. Osnes
Takkoffer: Fasteaksjon

3. april – 4. søndag i fastetida

KAMBEN KAPELLOMT KL.11.00
Utegudsteneste. Bleiktvedt

KYRKJESTUGU KL.16/17
Møtepunkt: Ord + tverrkirkelig samarbeid.
Taler: Professor Terje Hegertun.
Arr: Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkjelyd

6. april – Panelsamtale med biskop

Jan Otto Myrseth

HEMSEDAL KYRKJE KL 1900
Musikk og samtale.Kaffe fra kl 1900.
Offisiell start ca kl 1915.

7. april – Konsert til inntekt for Ukraina

HEMSEDAL KYRKJE
KL 1800 - 18.45
Gratis inngang. Kollekt til Ukraina.

10. april – Palmesøndag

HERAD KYRKJE KL.18.00
Gudsteneste. Wik
Takkoffer: Fasteaksjon

14. april – Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL.10
Gudsteneste. Bleiktvedt
Takkoffer: Lykkja kapell

BYGDAHEIMEN KL.12.30
Påskeandakt m/ nattverd.Bleiktvedt

HERAD KYRKJE KL.13.30
Orgelmeditasjon med Justin Vickery

GOL KYRKJE KL.18.00
Gudsteneste. Måltidsfellesskap.
Bleiktvedt
Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkja.

HEMSEDAL KYRKJE KL.18.30
Gitarkonsert Jon Sarafian
Takkoffer: Kyrkjelydsen musikkarbeid

HEMSEDAL KYRKJESTUGU
KL.19.30. Cafekveld. Arr: Normisjon

15. april – Langfredag

GOL KYRKJE KL.11.00
Pasjonsmesse. Wik

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00
Pasjonsmesse. Osnes

OSET KAPELL KL.21.30
Påskeandakt. Styve Sæbø

17. april – 1. påskedag

GOL KYRKJE KL.10.00
Høgtidsgudsteneste. Bleiktvedt.
Takkoffer: Sjømannskyrkja

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Høgtidsgudsteneste . Osnes.
Takkoffer: Lykkja kapell

SØRÅSEN KL.13.00
Friluftsgudsteneste ved fjellet «kyrkja»
ca. 18 km frå bommen i Herad på vegen
over til Bagn
Bleiktvedt.

HEMSEDAL KYRKJE KL.17.00
Høgtidsgudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal

24. april – 2. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE 11.00
Samtalegudsteneste. Osnes
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Bleiktvedt
Takkoffer: Kyrkjestugu

28. april – Orgelkonsert

HEMSEDAL KYRKJE KL.

1. mai – 3. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL.11.00
Samtalegudsteneste. Osnes
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

KYRKJESTUGU KL.16/17
Møtepunkt: Ord + om oppvekst i usunt
kristen miljø
Taler: Christine Josephine Andreassen
Arr: Hemsedal Normisjon og Hemsedal
kyrkjelyd

8. mai – 5. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Konfirmasjon. Bleiktvedt
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Samtalegudsteneste. Osnes
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

14. mai - laurdag

GOL KYRKJE KL. 11.00
Konfirmasjon. Bleiktvedt

15. mai – 5. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00
Konfirmasjon. Bleiktvedt

17. mai

HERAD KYRKJE KL 09.30
Gudsteneste. Bleiktvedt
Takkoffer.

HEMSEDAL KYRKJE KL.10.00

Gudsteneste. Osnes
Takkoffer: Sjømannskyrkja

21. mai - laurdag

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjon. Osnes
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

22. mai – 6. søndag i påsketida

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjon. Osnes
Takkoffer: Konfirmantarbeidet

29. mai – Søndag før pinse

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Bleiktvedt
Takkoffer: MF vitenskapelig høyskole

5. juni – 1. pinsedag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Takkoffer: KFUK-KFUM

KYRKJESTUGU
Møtepunkt: Tur til Trytejern i Nesbyen.
Tur for alle aldre. Tur, sykle, bade,
grille, volleyball mm. Sjekk egen info på
heimesida hemsedal.kyrkja.no
Arr: Hemsedal Normisjon og Hemsedal
kyrkjelyd

12. juni – treenighets søndag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Tårnagenter. Vikarprest.. Haraldset.
Takkoffer: Gullrekka

19. juni – 2. søndag i treenighetstida

GOL STAVKYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Redd barna

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste for store og små med utdeling
av 4-årsbok. Haraldset. Vikarprest
Takkoffer: S-klubben Hemsedal

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 3/2022 kjem ut i veke 24

Stoff sender ein til: ludv@online.no

innan 30. mai

Årsmøte i Hemsedal Sokneråd

Søndag 24. april
Etter gudstenesta ca. kl. 12.30

Påskedrikk

TEKST: SØLVI AALRUST

FOTO: RODOLFO MARQUES / UNSPLASH

«Drikk mer» oppfordrer boka fra Frelsesarmeen, ei praktbok med lekker layout og nydelige oppskrifter.

Jeg kom over den for et par år siden, varmt og kaldt drikke i uante mengder! Selvsagt var planen min soleklar, jeg skulle bokstavelig drikke meg gjennom boka – prøve alle oppskriftene.

Så langt har jeg nå ikke kommet, men noen er prøvd og flere supre er funnet, og appelsinkaffen ble min påskedrikk. Da tenkte jeg at den må flere få smake, her deler jeg oppskriften med deg og ønsker deg samtidig ei riktig god påske!

Oppskrift: 1 enkel espresso, 0,2dl ristet fløte, 0,2dl appelsinjuice, 2 ts sukker.

Ha appelsinjuice og sukker i et glass. Rør sukkeret helt ut. Brygg en enkel espresso rett oppi appelsinblandingen. Rør sammen og hell over i en vakker kaffekopp. Rist så fløten. Den skal ha en god konsistens uten å være så tykk at du ikke kan helle den i en fin stråle over kaffe- og appelsinblandingen. Hell midt i koppen så blir det en mørk rand av kaffe rundt kanten og fløte i midten. Som pynt kan du finsnitte litt sjokolade og ha på toppen.

God påskedrikk!

